



No kjem det snart busslomme på Ljosnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torsdag til veka skal formannskapet behandla investeringsbudsjettet for 2008 og ei av løyvingane som det blir gjort framlegg om er 750.000 kroner til busslommer i Røslandslia på Husnes og på Ljosnes i Uskedalen. Dette er ”i tråd med tidlegare signal”, skriv rådmannen.

Han set også mellom anna av 400.000 til breibandutbygging i utkantstrøk og dette er kommunen sin andel av totalkostnaden med å gje alle breibandtilbod. Midlane blir henta frå posten ”partnerskap”. Då dette er ei offentleg oppgåve er slik bruk av partnerskapsmidlar i tråd med regelverket, skriv rådmannen.

Han kjem også inn på situasjonen for Aktivitetshuset i Uskedalen der det manglar midlar for fullføring.
 - For at kommunen ikkje skal bli påført ekstra store tap, kan det bli nødvendig med auka tilskot eller komunal overtaking, påpeikar rådmannen og legg til: - På Hatlestrand forventar dei lik behandling med Uskedalen og samtidig forventar Halsnøy at kommunen stiller opp med like mykje midlar når dei skal realisera sin hall, skriv rådmannen.

Strand-Ulv Hallen AS har bede kommunen om eit ekstra tilskot på 500.000 og viser til at Uskedalen har fått ei slik løyving. Dei meiner det vil vera forskjellsbehandling om ikkje hallane vert tildelt same beløpet. Utan kommunalt tilskot må dei låna pengar.

Av Ola Matti Mathisen